



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sofie Førli, 5764 3026

Praktisk informasjon om klagebehandling- standpunkt- 2026

Statsforvaltaren er klageinstans for klager på fastsetjing av standpunktkarakterar i fag og i orden og oppførsel, og klager på vedtak om å ikkje fastsetje standpunktkarakter i fag.

Gjennomføring av klagebehandlinga

Vi brukar ikkje hurtigklagefristar i klagebehandlinga i 2026, men vil oppmode skulane om å sende sakene til klageinstansen så raskt som råd. Skulane kan ha rettleiande fristar for elevane sine klagar og skulen si oversending av saker til klageinstansen, ut frå lokale forhold.

Sjølv om kommunen fastset rettleiande fristar, har elevane rett til å klage innan ti dagar, med eventuelt tillegg dersom eleven ber om grunngjeving for karakteren, jf. opplæringsforskrifta §§ 10-2 og 10-3 og forvaltningslova § 29 tredje ledd. Elevane bør likevel bli gjort merksame på at det å vente med å klage kan få konsekvensar for kor raskt saka blir endeleg avgjort.

I klagebehandlinga prioriterer vi elevar som søker vidaregåande opplæring i 2026. Vi gjer vedtak i klagesakene fortløpande, og tilrår at skulane planlegg for å handtere klagesaker som blir avgjort av oss fram mot inntaket til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen må ha tilbakemelding frå skulen om endra karakter seinast torsdag 2. juli for at karakteren skal bli lagt inn manuelt før første inntaksrunde. Dersom skulen sender fylkeskommunen endra karakterar seinare, vil fylkeskommunen ta det med i dei seinare inntaksrundane.

Innsending av klagesakene

På nettsida vår ligg det eit [digitalt skjema for oversending av klager frå skulen](#). Skjemaet er utforma for å sikre at all relevant informasjon kjem med i oversendinga. I tillegg blir saka registrert direkte i våre system, slik at vi unngår forseinkingar i klagebehandlinga. Per no treng ein rolle som «daglig leder» eller «utfyller/innsender» for si verksemd. Altinn tek no i bruk «tilgangspakker» i standen for roller. Vi tilrår at alle som skal bruke våre skjema ordnar med ny tilgangsstyring for sin verksemd i Altinn. For skjema «Klage på standpunktkarakter» er det tilgangspakken «Statsforvalter - skole og opplæring» som gjeld. De finn informasjon om dette på sida for skjemaet i Altinn [her](#). Her finn de også rettleiing for korleis de ordnar med ny tilgang. Vi gjer merksam på at roller ikkje kan nyttast



etter 31.12.2026. Frå 1.1.2027 er det berre enkeltteneste og tilgangspakke som gir tilgang til å bruke skjemaet.

Vi minner om at skulen skal ta stilling til klagen før de sender klagen til klageinstansen. Dersom skulen er samd i klagen, og meiner at eleven sin samla kompetanse i faget svarar til ein høgare karakter, kan skulen sette opp karakteren. Skulen skal då ikkje sende klagen til klageinstansen. De kan lese meir om dette her: [Hva er nytt i reglene om klage på sluttvurdering | Utdanningsdirektoratet](#).

Informasjon om faglærer og rektor sine uttaler

De finn rettleiing til skulen si behandling av klagen og faglærer si uttale [her](#).

Vi viser elles til opplæringsforskrifta §§ 9-1, 9-2, 9-7, 9-16, 9-17, 10-4, 10-5 og 10-6 med merknader, og Utdanningsdirektoratet si [rettleiing om behandling av klager på standpunktkarakterar i fag](#).

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Sofie Førлие
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent